

Årsmelding 1978 for skigruppa i Osterøy Idrettslag.

Styret i skigruppa har vore:

Form. og kass.: Øyvind Litland
Nestform. : Bernt Fløslund
Skrivar : Jørgen Varden
Styremedl. : Karstein Borge
Leif Mjelde
Øyvind Asheim

Styret har hatt 4 møte.

Fast trener har vore Karstein Borge assistert av Øyvind Litland.

Tor Skaftun og Roar Loeshagen har vore hjelpeinstruktørar ved inndørs-treningane og på søndagsturane.

Styret ser eit klart behov for trenarutdanning. Instruksjon/opplæring er ein grunnleggjande faktor for skigruppa til liks med anna idrettsarbeid. For å unngå at dei få som no er engasjert i dette skal gå seg trøtte, er det turvande å få med fleire. Styret vil understreka behovet for å få ut folk på instruktørkurs og at desse ser det som ei oppgåve å gå inn i laget som instruktør etter endt kurs. Odd Helge Halland og Vignar Borge har no 2 kurs i langrenn.

Arrangement:

Skigruppa har stått som arrangør av KM 3x10 km, 30 km senior og junior. Vi avvikla også områderenn for gutar og jenter, Osterøy meisterskap alle klassar og lagsmeisterskap.

Deltaking på andre arrangement:

Deltaking og resultat:

I lagsmeisterskapet deltok over 100 gutar og jenter i alder frå 7 til 65 år. Frøydis Mjelde merkte seg ut her som ho gjorde det på områderennet med 1. plass og god margin til den neste begge gongene. I områderennet var det nok serleg gutane i dei eldste ~~gutt~~ klassane som fekk merka at dei også andre stader kan gå på ski. På den øvste delen av resultatlista var det påfallande mange frå område med like lite høve til skitrening som her hjå oss.

I stafett-NM var med 3 Osterøy-lag. 1.laget med Leif Mjelde, Magnus Mjelde og Vinjar Borge vart nr 3, Osterøy 2. lag med Bjarne Langhelle, Karl J. Reigstad og Arthur Brandsdal kom inn på 6. plass. På 3.laget gjekk Audun Småland, Bernt J. Flesland og Øyvind Asheim inn på 11. plass. På 15 km KM gjekk Vinjar Borge inn på beste tid, i klasse E merkte Leif Mjelde seg ut med klart beste tid. Leif Mjelde presterte dette også i KM 30 km som han gjorde det i alle individuelle renn unnateke veteran-NM der han vart nr 4 bak folk som Grønningen og Sverre Stensheim.

Ein større kontingent var med på Ørnarrennet og Kvamskogen rundt. Laget var også representert i Birkebeinerrennet og Skarverrennet. Her må det vera rett å nemna Ole Mjelde som vann sin klasse i Ørnarrennet.

Vinjar Borge treng eit avsnitt for seg sjølv. Sjølv om han i KM 30 km kom på 5. plass i klasse B, har han plasseringar i større renn østpå som fortel sitt: 7. plass i Bjerkesprinten (m.a. 1.16 føre Lars Seim)

- 4. " i landsrennet på Konnerud
- 24. " B NM 15 km
- med på stafettlaget til Hordaland B NM der han hadde beste etappetid totalt
- gode plasseringar på 15,30 og 50 km i NM på Konnerud, på 15 km var
- han såleis føre Ivar Formo som var VM-deltakar.
- 33. plass i Birkebeinerrennet klasse aktiv 20-24 år.
- Fleire topp-plasseringar på kretsrenn o.l.

Treningssamlingar.

Gruppa har hatt treningssamling på Kvamskogen og på Rong, dette var i vinter. I oktober i år vart det avvikla barmarkssamling på Kvamskogen saman med Øystese I.L.

Kvar søndag er det "samling" på Havrådalen. I år starta ein opp 20/8 og det har seinare vore stabil god oppslutning av omlag 25 interesserte frå 8 til 60 år.

Tilrettelegging med løyperetc.

Etter fleire laurdagar med dugnad er ny trasé til 10 km snart klar. Talet på lampar ~~mm~~ i lysløypa er auka. Mange av medlemene har lagt med mykje arbeid i dette. Under dårlege snøtilhøve vart det i vinter lagt løyper som fekk godorda fram frå deltakarar og leiarar. Eit kjempearbeid vart gjort på førehand, og styret

